



## Regionale kulturfond: Kunst- og kulturutvikling

Dei regionale retningslinjene for ordninga vart vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet 18. august 2025. Den nasjonale forskrifta vart vedtatt av Kultur- og likestillingsdepartementet 6. juni 2025. Dei vart sist justert i mars 2026, i sak PS 16/26.

Den årlege ramma blir justert kvart år, utifrå tildelinga frå staten.

Denne ordninga vart i 2026 slått saman med ordninga «Prosjektstøtte til profesjonell kunst og kultur». Det betyr at profesjonelle kunstnarar og kunstnarlege fagmiljø no kan søke støtte til produksjon og formidling gjennom dei regionale kulturfonda.

### Regionale kulturfond

Denne tilskotsordninga er finansiert over statsbudsjettet og ordninga regionale kulturfond. Formålet med desse midlane er at dei skal ...

... bidra til gode lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i hele landet. Tilskotsmidlane skal stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet, styrke samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturliv, forsterke lokal og regional kulturfrivilligheit og bidra til auka kvalitet på kunst- og kulturtilbodet lokalt og regionalt.

[Frå «Forskrift om Regionale kulturfond»](#)

Gjennom tilskotsordninga vil vi støtte større kunst-, kultur- og kulturmiljøprosjekt som bidreg til eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile fylket. Vi prioriterer prosjekt som skaper innovasjon i kultursektoren og som gir synlege resultat.



## Økonomisk ramme

Den samla tilskotspotten går til prosjekt som oppfyller formålet. I tillegg er delar av potten styrka med fylkeskommunale midlar og øyremerka til spesielle satsingar:

- **Profesjonelle kunst- og kulturprosjekt:** Minst 250 000 kroner er sett av til produksjon og formidling for det profesjonelle kunst- og kulturfeltet kvart år.
- **Barn og unge:** I 2026 er minst 250 000 kroner er sett av til prosjekt der målgruppa er barn og unge.
- **Bransjeutvikling:** I 2026 er minst 250 000 kroner sett av til bransjeutvikling innan kulturell og kreativ næring.

## Kven kan søke om støtte?

- Kunst- og kulturinstitusjonar
- Profesjonelle kunstnarar og kunstnarfellesskap innan musikk, scenekunst, litteratur, film og visuell kunst kan søke om støtte til produksjon og formidling
- [Små verksemder](#) innan kulturell og kreativ næring\*
- Frivillige lag og foreiningar og paraplyorganisasjonar med ein tydeleg kunst-, kultur og/eller kulturmiljøprofil
- Kommunar som er tilretteleggar for større samarbeid
- Organisasjonar, nettverk, kompetansesenter og andre aktørar som arbeider med bransjeutvikling innan kulturell og kreativ næring.

Alle søkarar må vere registrert i Enhetsregisteret og ha si hovudverksemd i Møre og Romsdal.

### \* Bransjane som er inkludert i næringen er:

Arkitektur, aviser og magasiner, reklame og event, TV og radio, musikk, film, dataspill, utøvende virksomhet (teater, dans, opera, orkester), visuell virksomhet (design, kunst, museum og kulturarv) og utdanning og undervisning innenfor næringen.



## Kva kan du søke støtte til?

1. **Større kunst-, kultur- og kulturmiljøprosjekt** som styrkar kulturlivet og bidreg til samarbeid på tvers av samfunnsmandat, fag, uttrykk og profesjonar.
2. **Produksjon og formidling** av profesjonell kunst og kultur
3. **Prosjekt som utviklar og styrkar regionale bransjestrukturar** innan kulturell og kreativ næring.

## Når søknaden gjeld produksjon og formidling

For prosjekt som gjeld produksjon og formidling må søkaren vere ein profesjonell kunstnar, eller representere eit fagmiljø i det frie kunstfeltet. Prosjekta må halde høg kunstnarisk kvalitet og vise at dei kan gjennomførast på ein profesjonell måte.

## Når søknaden gjeld kulturell og kreativ næring

For prosjekt som utviklar samarbeid, organisering eller arbeidsmåtar i dei kulturelle og kreative næringane, kan du søke om støtte til:

- Å utvikle og teste nye løysningar eller tenester knytt til formidling, distribusjon og sal av kunstnarisk, kulturelt og kreativt innhald
- Klynge- og nettverkssamarbeid med mål om nyskaping, kompetanseheving og bransjeutvikling
- Mentorordningar for unge aktørar og nyetableringar

Prosjekta skal:

- Ha direkte relevans til fylkeskommunen sine satsingar og strategiar, og bidra til å nå måla i kommunen sine eigne planverk og i planverket til fylkeskommunen.
  - [Fylkesplan 2025–2028](#)
  - [Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025](#)
- Gi resultat som er tilgjengeleg for ei brei målgruppe eller eit breitt publikum
- Skape noko nytt eller forbetra, for eksempel nye tilbod, uttrykk eller samarbeidsformer.
- Prosjekta blir i tillegg vurdert ut frå kva grad prosjektet er realiserast i partnerskap, gjerne i samarbeid mellom offentlege eller private organisasjonar, institusjonar og private aktørar



Alle som søker støtte til kunst- og kulturutvikling bør kontakte fylkeskommunen i god tid før innsending av søknad, gjerne ein måned før søknadsfrist. Dette fordi at fylkeskommunen skal kunne rettleie og bidra til å kvalitetssikre prosjektet sitt innhald, partnerskap og budsjett opp mot formålet med ordninga.

Støtta blir gitt for eit år av gangen, men prosjektet kan vare inntil tre år. Søkar kan få støtte til forprosjekt og/eller hovudprosjekt. Under føresetnad om vidare tildeling til regionale kulturfond over statsbudsjettet, er det er mogleg å søke om støtte til same prosjekt fleire gonger.

### **Kva blir det ikkje gitt støtte til?**

- Aktivitetar som hovudsakeleg inneber idrett eller friluftsliv
- Kausjon eller annan økonomisk garanti
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt
- Investeringar i tilskotsmottakar sin eigenkapital
- Arbeidsstipend
- Ordinær drift eller investeringar og vedlikehald av bygg og anlegg
- Større investeringar i utstyr, instrument eller faste installasjonar
- Næringsutvikling
- Prosjekt som dekkast av Den kulturelle skolesekken sitt ansvarsområde
- Prosjekt som er gjennomført eller starta opp før søknadsfristen
- Politisk verksemd. Det betyr at politiske parti, ungdomspolitiske parti eller fagforbund ikkje kan søke

## **Søknadsfrist**

1. mai kl. 23.59

Under føresetnad av vidare tildeling til regionale kulturfond over statsbudsjettet, har ordninga søknadsfrist 1. mai kvart år.



## Generelle krav som må oppfyllest

Profesjonelle aktører som blir leid inn skal behandlast likt og få lønn i samsvar med bransjestandard. Eksempel på slike standardar er Norsk skuespillerforbund, Norske dansekunstnere, Dramatikerforbundet, Regiforbundet og Creo.

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

## Dette må søknaden din innehalde

Søknad må leverast skal sendes digitalt via fylkeskommunen sitt nettbaserte søknadsskjema i god tid før prosjektet skal gjennomførast. I tillegg må den innehalde:

- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter), [sjå malar og rettleiing for søknadskriving](#).
- Fyldig omtale av prosjektet
- Forklaring av korleis prosjektet treff prioriteringskriteria og mål i relevant planverk.
- Profesjonelle kunstnarar som søker om støtte til produksjon eller formidling må legge ved CV

## Slik prioriterer vi kven som får støtte

Alle søknader blir vurdert etter desse kriteria:

### 1. Kvalitet og innovasjon

- Relevans samanlikna med utlysinga: Er søknaden med på å oppfylle målet med ordninga?
- Innovasjon\*: Alle prosjekt må ha ei form for nyskaping eller stegvis utvikling.
- Metode: Prosjektet skal ha eit klart mål, gode delmål og tydelege aktivitetar.
- For prosjekt innan produksjon og formidling blir det i tillegg lagt vekt på kunstnarisk kvalitet og profesjonell gjennomføring.



### \* Kva er innovasjon?

Innovasjon kan ha ulike definisjonar. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet seier at det for eksempel kan være ein ny eller vesentleg endra teneste, produkt, prosess, organisering eller kommunikasjonsmåte.

[Frå artikkelen «Innovasjon i offentlig sektor»](#)

## 2. Effekt og verdiskaping

- Verdi for søker og regionen: Det skal komme godt fram korleis prosjektet skal skape verdi for regionen, partnerskapet og søkeren.
- Moglegheit for vidareutvikling: Det er ein fordel om søknaden viser tydelege moglegheiter og planar for å ta resultatata vidare etter slutføring. Du kan gjerne vise til nye prosjekt, andre finansieringskjelder eller vidare verdiskaping.
- Kommunikasjon og kompetansedeling: Vise korleis prosjektet og resultatata skal bli formidla til relevante målgrupper, for eksempel kulturfeltet, næringsliv, lokalsamfunn og/eller offentlege aktørar.

## 3. Gjennomføring

- Framdriftsplan: Det skal komme tydeleg fram korleis prosjektet skal drivast framover.
- Budsjett: Ei realistisk oversikt over inntekter og utgifter knytt til prosjektet.

## 4. Anna

- I behandlinga av søknadane vil prosjekt knytt til mangfald og breidde, geografisk fordeling og øvrig fylkeskommunal støtte bli vurdert og prioritert heilskapleg.

## Kor mykje kan du søke om?

Du kan maksimalt søke om **500 000 kroner** i støtte frå denne ordninga.

Støtta frå fylkeskommunen kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Eigenandelen kan vere i form av eigeninnsats og/eller eigne midlar.



## Saksbehandling

Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune behandlar søknaden din utan ugrunna opphald, i tråd med forvaltningslova. Etter at søknaden er behandla vil du få svar på søknaden din skriftleg. I tildelingsbrevet finn du opplysningar om tildelt sum og kva vilkår som må vere oppfylte før du kan få støtta utbetalt. I avslagsbrevet finn du grunnlag for avslaget.

Vi behandlar ikkje søknader som er ufullstendige og som ikkje gir nok informasjon om tiltaket.

## Vilkår for tildelinga

At tildelinga er gitt på vilkår betyr at du må følge opp og gjennomføre punkta som står nedanfor. Vi kan kontrollere at vilkåra er gjennomført.

### 1. Du må seie frå om endringar

Tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om og i tråd med grunngivinga i vedtaket. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Støtta frå fylkeskommunen kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.

### 2. Du må rapportere og føre rekneskap for tiltaket

Rapporten skal gjere greie for gjennomføringa av tiltaket i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapen.

Rapporten skal innehalde namn på aktør(ar) som vart brukt, kort beskriving av arrangementet og tal på deltakarar/publikum. Det må leggjast ved program, plakat, omtale, bilde eller anna som viser at tiltaket er gjennomført. I rekneskapen skal honorar for kvar enkelt aktør vere synleggjort.



For tildelingar under 500 000 kroner skal sluttregneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar over 500 000 kroner, skal det leggst fram rekneskap godkjent av autorisert revisor.

### **3. Du må få sluttrapporteringa godkjent for å få utbetalt siste del av støtta**

For å få utbetalt dei siste 25 prosentane av tildelinga di, må du sende inn sluttrapport. Når saksbehandlar har godkjent rapporten din, blir det gjenståande beløpet betalt ut. Du må sende rapport innan fristen som du finn i tildelingsbrevet.

Har du ikkje rapportert, og på den måte bedt om å få den siste delen av støtta di utbetalt, vil den falle vekk etter to år.

Rapport og rekneskap skal sendes elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema. Rapporteringsskjema finn du via denne lenka:

<https://dialog.mrfylke.no/dialogue/>

### **4. Du må synleggjere støtta du får**

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

## **Viss du ikkje følger vilkåra**

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile, eller delar av, støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Ved hjelp av rapporten du leverer vil vi kontrollere at vilkåra er følgt, og du må gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken. I tillegg vil det bli gjort tilfeldige utvida stikkkontrollar blant dei som har fått støtte i ordninga.

Dersom det er utbetalt tilskot i strid med den nasjonale forskrifta, eller tilskotet ikkje er utbetalt eller brukt i samsvar med føresetnadane for tildelinga, kan fylkeskommunen krevje heile eller delar av tilskotet tilbake.



## Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den datoen du fekk brevet.

Om du sender inn ei klage, vil kulturavdelinga gjere ei ny vurdering i saka. Dersom ikkje vedtaket blir omgjort, blir klaga sendt til fylkeskommunen si klagenemnd for behandling. Det må påreknast saksbehandlingstid.

Klaga og eventuell dokumentasjon kan sendast digitalt via e-Dialog, som du finn gjennom denne lenka: <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/944183779>

## Ei presisering om kulturtilskot

Kulturtilskot er ei moglegheit for støtte til gode prosjekt, men ikkje ein garanti. Tildelinga skjer ut frå fastsette retningslinjer, krav og prioriteringar, som er opne og tilgjengelege for alle.

Tilskotsmidlane er avgrensa, og det kjem ofte fleire søknadar enn det vi har midlar til. Derfor vurderer fylkeskommunen søknadane etter ei heilskapleg skjønnsutøving. Sjølv søknadar som oppfyller alle krava, kan få avslag eller ein lågare sum enn søkt beløp. For å kunne gi tilskot, må vi ha nok midlar i budsjettet.